

## **ELDRES DAG 1. oktober – Klepp kommune «Ta i bruk og utnytt talent, bidrag og deltaking frå dei eldre.»**

**Av Inger Marie Nese**

**Foto: Karl E. Grude**

FN sin internasjonale dag for eldre er ein «festdag» som gir honnør til dei eldre sitt bidrag i samfunnet. Dagen vart innstifta i 1990 med fokus på at gruppa eldre i verda vert større.

I 2017 er tema for dagen: «Ta steget inn i framtida og ta i bruk og utnytt talent, bidrag og deltaking frå dei eldre.»

Over 100 festkleddede eldre samlast søndag 1.oktober i Klepp rådhus for å feira dette. Fin pianomusikk med Ingeborg Gaard ved klaveret ønska alle velkommen då dei steig inn i festsalen.

Komiteen, som var sett saman av representantar frå Frivilligsentralen, Stiftelsen Fredheim, Pensjonistlaget og Senior- og brukarrådet, hadde dekkja fine bord med haustfargar.

Leiar i Senior- og brukarrådet, Arne Madland, ønska alle velkommen! Etter at vi hadde sunge «La oss leve for hverandre» med Gunnar Lode som forsongar, fekk rådmann Torild Lende Fjermestad ordet. Ho helsa frå kommunen, men la mest vekt på nettopp temaet for dagen: La oss ta vare på kvarandre og bruka dei eldre som ein ressurs i samfunnet. Definisjonen på «det gode liv»: andre menneske! Viss vi ikkje hadde andre menneske, kva då? Sørg for å bevare gode relasjonar!

Så var det kulturskulen i Klepp sin tur. Tre av elevane, saman med lærar Lillian Hjørnevik, viste kva dei hadde lært. To av dei spela på piano og ein på fiolin. Imponerande!

Arne Madland gav så ordet til Egil S. Eide som var dagens festtalar. Han har vore prest, pressemann og forfattar. I mange år har han og arrangert reiser til Thailand, og har reist rundt i heile dette landet og gjort seg kjent med kultur og levemåte der. Han tok oss med til «Smilenes land» og snakka om «smilande livskunst». Det vart ei interessant «reise»: På tross av fattigdom i store deler av landet har thaiane ei innstilling til livet som bygger på det å ta vare på kvarandre, gjera det beste ut av lite og smila, for då får du eit smil tilbake. Familien betyr veldig mykje. Dei gler seg over «dei nære ting». Han oppmoda oss til å smila meir – skap glede!  
Mange gode ord til ettertanke!

Så var det tid for mat. Ein flokk handballjenter frå Klepp idrettslag bar inn smørbrød og kaffi og «drøset» kom godt i gang. Etterpå var det fløytekaker.

Etter matøktta fekk vi meir underhaldning frå kulturskulen. Rektor, Jan Bekkum, fortalde først litt om opplegget deira. Han la vekt på at dei har vore heldige og fått tak i gode lærarar som inspirerer dei unge til å yta sitt beste. Dei har i dag mellom 450 og 460 elevar. Vi fekk høyra klassisk gitar, song og klaver av svært dyktige ungdommar!

Kvelden vart avslutta med utlodning av lyngplanter, og møteleiar, Arne Madland les Joleiv Ellingsen sitt dikt «Dei gamle æ så unge i dag»! Til slutt song vi «Kveld på Jæren» av Tobias Skretting.